



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ragnhild Naug Aas, 71 25 85 19

Tilskot til drenering av jordbruksjord - behov for evaluering av ordninga

Erfaringar frå våre fylke viser at det blir drenert vesentleg mindre areal enn det det er behov for. Lønsemd blir løfta fram som hovudårsak, i kombinasjon med nedprioritering av leigejord og ein omfattande søknadsprosess. Dagens føremålsparagraf i *forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord* bør også bli utvida til òg å omfatte eit føremål om reduksjon av utslepp til luft.

Med bakgrunn i dette, og at ordninga til neste år har eksistert i 10 år, ber vi om at det blir gjennomført ei evaluering av ordninga si uforming, føremål, effekt og måloppnåing.

Status for dreneringstilstanden nasjonalt og i fylka

NIBIO-rapporten *Drenering og klimagassutslipp. Virkning av drenering på klimagassutslipp, arealomfang og tiltaksanalyse* vart utarbeidd på oppdrag frå Landbruksdirektoratet som faggrunnlag for *Klimakur 2030*. Rapporten inneheld oppdaterte og kvalitetssikra vurderingar av omfang av areal med dårleg drenering, utsleppsfaktorar for lystgassutslipp, kostandar og effektar på avling.

Hovudkonklusjonane frå rapporten inngår òg i *Klimakur 2030*;

- God drenering er gunstig for plantevekst og næringsopptak, betre jordhelse, gir betre bæreevne og reduserer risiko for jordpakking
- Godt drenert jord reduserer faren for erosjon som følgje av overflateavrenning, og medverkar til betre vasskvalitet
- Ei godt drenert jord er med på å tilpasse jordbruket til klimaendringane med meir og kraftigare regn
- Drenering reduserer utslepp av lystgass som oppstår ved høgt vassinnhald i jorda
- Låge tilskotssatsar og manglande privatøkonomisk lønsemd og ulike kostnader ut frå metode er ei hovudbarriere for dreneringsgraden
- Leigejord blir i mindre grad drenert enn eigd jord



Konklusjonane frå NIBIO-rapporten og Klimakur 2030 er særst gjennkjennelege i våre fylke. Det er antatt at dreneringstilstanden i mange område er for dårleg, sjøl om det ikkje finst noko fullgod oversikt for dette. Med bakgrunn i tal frå Jordbruksstjeljinga frå 2010 anslår ein at det er behov for drenering av ytterligere 640 000 dekar utover dagens aktivitet (Miljødirektoratet m.fl. 2020).

Sidan fastsettinga av *forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord* i 2013 har det kvart år vore sett av meir midlar over jordbruksavtalen enn det er blitt søkt tilskot om. Tal som viser disponible midlar og forbruk frå dei tre fylka Trøndelag, Møre og Romsdal og Vestland viser dette:

	2019		2020		2021		2022
	Disponibelt	Forbruk	Disponibelt	Forbruk	Disponibelt	Forbruk	Disponibelt
SFVL	8 720'	3 323'	11 315'	3 341'	9 144'	2 160'	6 984'
SFMR	7 455'	4 548'	9 101'	5 682'	8 720'	4 627'	9 381'
SFTL	27 005'	13 650'	31 853'	15 453'	23 540'	11 336'	19 502'

Tab. 1. Disponible midlar og forbruk i ordninga tilskot til drenering av jordbruksjord i fylka Vestland, Møre og Romsdal og Trøndelag

Mange kommunar melder om mykje areal som er i dårleg hevd i høve drenering. Dette gjeld både vedlikehald av eksisterande dreneringsgrøfter og tilhøyrande hydrotekniske anlegg.

Det er grunn til å tru at dei marginale areala ikkje blir drenerte og at dei større og beste areala vert drivne stadig meir intensivt og vert prioriterte for dreneringstiltak. Med den oppslutning som ordninga har i dag så aukar arealet med vassjuk og lite produktiv jord for kvart år. Ei uheldig utvikling.

Evaluering av dreneringsordninga

Føremålet med tilskot til drenering av jordbruksjord i dagens forskrift er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord med potensial for auka jordbruksproduksjon, og å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag. Slik tilskotsordninga er innretta per i dag fungerer han ikkje som eit godt nok insentiv til å stimulere til langsiktig berekraftig forvaltning av jordressursane, slik målet med innføringa av ordninga var i jordbruksoppgjeret 2012.

Med bakgrunn i tilbakemelding frå kommunar og næringa om årsaker til at det ikkje blir drenert meir, og at ordninga no har fungert i snart 10 år, ber vi om ei evaluering der følgjande forhold vert utgreia:

1. Føremålet med tilskotsordninga
2. Effekt av auka og ev. differensierte satsar
3. Omfang og krav i regelverket for ordninga sett i lys av proporsjonalitetsprinsippet

Etterslepet på drenering er stort, og klimaendringane krev at drenering vert nytta i klimatilpasninga og til å redusere klimagassutsleppa frå vassjuk jord. Eit mål må såleis vere at midlane som vert sett av til drenering av jordbruksjord over jordbruksavtalen vert nytta til gode tiltak og auka dreneringsaktivitet i åra framover.



Kjelder:

- Miljødirektoratet m.fl (2020). Klimakur 2030: *Tiltak og virkemidler mot 2030*. (M-1625). Tilgjengeleg via: <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1625/m1625.pdf>
- Norsk institutt for bioøkonomi (2020) *Drenering og klimagassutslipp. Virkning av drenering på klimagassutslipp, arealomfang og tiltaksanalyse* (NIBIO RAPPORT | VOL. 6 | NR. 6 | 2020). Tilgjengeleg via: (<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2638981>)
- Norsk institutt for bioøkonomi (2021). *Drenering gir bedre avling og redusert klimagassutslipp*. Delartikkel til Optikornprosjektet 2018 – 2022. Tilgjengeleg via: <https://www.nibio.no/nyheter/drenering-gir-bedre-avling-og-reduisert-klimagassutslipp>
- Statistisk sentralbyrå (2019). *Landbruk i hele landet*. Tilgjengeleg via: <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/artikler-og-publikasjoner/landbruk-i-hele-landet>

Med helsing

Frank Madsøy
direktør landbruk
Møre og Romsdal

Tore Bjørkli
direktør landbruk
Trøndelag

Christian Rekkedal
direktør landbruk
Vestland

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statsforvalteren i Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Statsforvalteren i Nordland	Molovegen 10	8002	BODØ
Statsforvalteren i Oslo og Viken	Postboks 32	1502	MOSS
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 98	2604	LILLEHAMMER
Statsforvalteren i Troms og Finnmark	Statens hus	9800	VADSØ
Statsforvalteren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Statsforvalteren i Agder	Postboks 78	4809	ARENDAL

Mottakere:

Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO